

Jordressursar under press:

Kan partipolitikken forklara gapet mellom det nasjonale målet for og den lokale forvaltinga av jordressursane?

Gro Sandkjær Hanssen

Forskar I

By- og regionforskningsinstituttet NIBR, OsloMet – Storbyuniversitetet

Professor

Institutt for by- og regionplanlegging, Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet

Født 1973. Ph.D (UiO 2013)

Epost: gro.hanssen@oslomet.no

Lina Hamre

Født 1989. Mastergrad (UiB 2017)

Epost: hamre.lina@gmail.com

Kristine Lien Skog

Stipendiat

LANDSAM Institutt for by- og regionplanlegging, Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet

Født 1974. Mastergrad (NMBU 2003)

Epost: kristine.lien.skog@nmbu.no

SAMANDRAG

Artikkelen tar utgangspunkt i gapet som eksisterer mellom nasjonale jordvernmål og den lokale forvaltinga av jordressursar i Noreg. Teori om fleirnivådemokrati seier at styringa frå staten si side vil vera hard når dei nasjonale og dei lokale måla er i konflikt. Sjølv om måla her er i konflikt, finn me at lokalpolitikarane har eit stort lokalt handlingsrom i arealpolitikken. Problemstillinga for artikkelen er: Kva rolle spelar partipolitikk i lokal forvalting av norske jordressursar? Dette undersøker me ved å fyrst kartleggja partia sin jorbruksideologi på nasjonalt nivå, for deretter å sjå om denne nasjonale konfliktlinja påverkar den lokale forvaltninga av jordressursar der jordvernet står mot omsynet til private eigedomsrettar.

Ein innhaldsanalyse av partiprogramma viser at det er stor usemje mellom partia langs denne konfliktlinja. Gjennom regresjonsanalysar av omdisponeringa i norske kommunar, finn me likevel ingen statistisk signifikant effekt av partipolitikk på forvaltinga av jordressursar lokalt. For å finna ut kvifor, utfører me ein komparativ casestudie av Spydeberg og Hobøl. Dei to kommunane er valde ut frå eit Most Similar Systems Design. Gjennom intervju med lokalpolitikarar og andre som jobbar med jordvern, finn me at partipolitikken også lokalt vert oppfatta å vera viktig i jordvernsspørsmål. Likevel er det ei rekke lokalspesifikke årsaker til at omdisponering av dyrka jord skjer uavhengig av kva som står i partiprogrammet til partia som sit med makta. Hovudfunnet er at jordvernet vert vekta i ein lokal kontekst, ikkje ein partipolitisk. I så måte vil synleggjering av matjorda som eit kollektivt gode i lokalsamfunnet kunne styrka jordvernet.

Nøkkelord

arealplanlegging, flernivådemokrati, naturressurser, lokaldemokrati, jordvern, lokalpolitikk, komparativ casestudie

ABSTRACT

The point of departure for this article is the inconsistency between national goals to conserve farmland, and the local management of this natural resource, which prevents Norway from complying with its national goals. The research question is: What role do party politics play in the local management of land resources? According to theory on multi-level democracy the state will apply hard governmental tools when there is a conflict between national and local goals. Even though such a conflict exists in this case, we find that local politicians have a relatively large room for manoeuvre in the management of farmland.

We expect the parties' farmland preservation ideology to play out in how local politicians manage farmland. By content analysis of the party programs we place the parties along this cleavage and find that it differs considerably on how strongly agricultural property should be regulated. Still, regression analysis on farmland conversion in Norwegian municipalities shows no statistically significant effect of party politics on the local management of farmland.

To find out why this is the case, we execute a comparative case study of the two municipalities of Spydeberg and Hobøl. They are chosen through a Most Similar Systems Design. By interviewing politicians and others working with farmland conversion, we find that most of them consider party politics to be very important locally, even though it is not reflected in how much farmland that is actually converted. The main finding of the thesis is that conservation of farmland is weighted in a local context, not in a party political one. Thus, in order to strengthen farmland preservation, more emphasis could be put on farmlands provision of collective goods at the local level.

Keywords

land-use planning, multi-level democracy, natural resources, local democracy, mixed methods

INNLEIING

Interessekampen om jordressursane i Noreg tilspissar seg. Berre tre prosent av landarealet er dyrka jord, noko som er mellom dei lågaste prosentdelane dyrka jord per innbyggjar i Europa (Mathiesen, 2014; Næringskomiteen, 2015). Ein tredel av denne dyrka jorda ligg der me allereie har bygd ned mest – rundt tettstader i dei mest bynære kommunane (Skog og Steinnes, 2016). Prognosane til Statistisk Sentralbyrå (SSB) syner at også befolkningsveksten vert høgast i desse kommunane (Leknes, 2016). Med andre ord er det kommunane med mest dyrka jord att som har størst behov for fleire bustader, vegar, skular og sjukeheimar.

Stortinget vedtok i 2015 eit nasjonalt mål om at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 dekar¹ dyrka jord årleg. Dette målet skal ein nå gradvis innan 2020 (Næringskomiteen, 2015). Arealplanlegginga er det viktigaste verkemiddelet for jordvernet. Plan- og bygningslova § 3-1, bokstav b, slår fast at planlegginga skal sikra jordressursane, kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljø. Der jord ikkje er regulert til utbyggingsføremål etter plan- og bygningslova, gjeld jordlova. Det går fram av jordlova § 9 at: «Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.»

Kommunane har hovudansvaret for arealplanlegginga og forvaltninga av jordvernet (Næringskomiteen, 2015). Arealvedtaka byggjer på lokalpolitisk skjønn der ulike mål og samfunnsinteresser vert vege mot kvarandre. Såleis er det lokalpolitikarane som avgjer kor tungt jordvernet skal vektleggjast. Det inneber at det innanfor rammene til plan- og bygningslova er det rom for eit ganske fritt skjønn (Gunnufsen, Øvrums og Nordal, 2015; Winge, 2017). Dette blir understreka i den nasjonale rettleiinga; «Det er nødvendig å ta vare på god matjord, men jordvernet må balanseres mot storsamfunnets behov.» (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014:2).

Det vart i 2016 omdisponert om lag 6000 dekar dyrka jord i Noreg (SSB 2017). Utgangspunktet for denne studien er gapet mellom det nasjonale målet for og den lokale forvaltninga av jordressursane. Me vil dykka ned i det lokalpolitiske skjønn, og sjå på korleis det vert påverka av partipolitiske konfliktlinjer. Rolla til partipolitikken i den lokale arealplanlegginga generelt og jordvernet spesielt er lite forska på tidlegare. Denne artikkelen kan vera med å kasta ljós over fleirnivådynamikken innanfor sektorpolitikken. Me undersøker kva faktorar som spelar inn for å forklara nedbygginga av dyrka jord, og ser særleg på: Kva rolle spelar partipolitikk i lokal forvaltning av norske jordressursar? Dette gjer me ved fyrst a) å kartleggja korleis partia plasserer seg langs den jordbruksideologiske aksen ut frå partiprogramma deira. Vidare undersøker me b) om jordbruksideologien deira påverkar korleis partia forvaltar jordbruksressursane lokalt. Har den jordbruksideologiske konfliktlinja noko effekt på mengd omdisponering. Til slutt diskuterer me c) rolla til partipolitikken i jordforvaltninga lokalt, samanlikna med andre faktorar som kan forklara ulik mengd omdisponert jord i kommunane. Artikkelen vil både kasta ljós over rolla til jordvernet i

1. Éin dekar utgjer 1000 kvadratmeter. Éin fotballbane er om lag 7 dekar. Med andre ord skal Noreg innan 2020 omdisponera under 570 fotballbanar dyrka jord årleg.

partipolitikken, men også det generelle forholdet mellom det lokale og nasjonale nivået i partiorganisasjonane. Såleis kjem me også inn på ein viktig del av partiforskinga; diskusjonen kring førestillinga om partia som homogene organisasjonar (Ringkjøb, 2004; Valen, 1988; Sørensen, 1989).


BAKGRUNN: NORSKE JORDRESSURSAR I EIT GLOBALT PERSPEKTIV

På verdsbasis forsvinn det om lag 100 millionar dekar produktiv jord årleg. Dei viktigaste årsakene er erosjon som fylgje av mellom anna overbeiting, hogst og klimaendringar, i tillegg til nedbygging (Krogstad og Jenssen, 2015; Dramstad mfl., 2012). Klimapanelet til FN har slått fast at klimaendringar trugar global matproduksjon, særleg i område som er utsette for tørke (Porter, 2014). FN finn òg at urbaniseringa trugar den framtidige matforsyninga (FAO og ITPS 2015).

Ved fleire høve dei siste åra har avlingssvikt i viktige område pressa prisane opp på den internasjonale marknaden. Ifølgje Forsvarets forskningsinstitutt (FFI) er det handterbart for velstående land som Noreg så lenge marknaden fungerer, men i krisesituasjonar har det vist seg at mange land set i verk tiltak for å sikra eiga befolkning (Botnan, 2015). Den norske sjølvforsyningsgraden ligg på under 40 prosent, dersom ein ser på matforbruket som vert produsert i Noreg på norske fôrressursar (Eldby og Smedshaug, 2015).² Difor er ein nokså avhengig av å importera ei rekke matvarer. Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) føreslår som eit av tiltaka i rapporten «Risiko- og sårbarhetsanalyse av norsk matforsyning» at jordvernpraksisen er restriktiv: «Av beredskapshensyn bør det utvises tilbakeholdenhet med å godkjenne omdisponering av dyrket og dyrkbar jord i områder som er gunstige for landbruksproduksjon.» (DSB, 2017:6)

Næringskomiteen poengterer i si innstilling til den nasjonale jordvernstrategien at nedbygging av matjord i all hovudsak er ein irreversibel prosess, at matjord er ein avgrensa ressurs i Noreg, og at jordvern difor er svært viktig. På bakgrunn av dette bad komiteen om at det nasjonale jordvernmålet vart stramma inn frå 6000 til maksimalt 4000 dekar per år innan 2020 (Næringskomiteen, 2015). Figur 1 viser at omdisponeringstrenden i all hovudsak har gått nedover sidan 2005, men at det har vore ein auke i omdisponering av dyrka jord frå 2013.

2. Sjølvforsyningsgraden handlar om kor stor andel av forbruket som kjem frå norsk produksjon. Dekningsgraden (sjølvforsyningsgraden medrekna eksport) og sjølvforsyningsevna (omlegging av kosthald og produksjon for å få maksimalt ut av nasjonale ressursar) er høgare (Eldby og Smedshaug 2015).

**Figur 1**

Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord 2005 – 2015 (SSB 2016a)

TEORETISK UTGANGSPUNKT FOR JORDVERN I AREALPOLITIKKEN

Jordvern i eit fleirnivåperspektiv

Noreg er eit fleirnivådemokrati. Det vil seia at demokratisk valde institusjonar, forvaltingsoppgåver og avgjerslemynnde er lagt til fleire geografiske nivå (Reitan, Saglie og Smith, 2012). Eit fleirnivådemokrati er kjenneteikna av fleirnivåstyring, definert som eit system av kontinuerleg forhandling mellom avgjersletakarar på ulike territoriale nivå (Hooghe og Marks, 2003). Lokaldemokratiet har såleis to roller i det norske fleirnivådemokratiet: På den eine sida er kommunane eit verkemiddel for iverksetjing av nasjonal politikk, og på den andre sida har dei ei interesse i å fatta avgjersler i tråd med lokalpolitiske mål og interesser (Reitan og Holm, 2012).

Når det gjeld forvaltning av naturressursar vil det ofte vera ein motsetnad mellom internasjonale og nasjonale forventningar om å verna desse, og lokale behov for å ta dei i bruk (Reitan og Holm, 2012). Noreg har interesse av å verna dyrka jord, ettersom matsikkerheit både er eit jordbrukspolitisk og sikkerheitspolitisk mål. For å nå det nasjonale målet om å omdisponera under 4000 dekar dyrka jord innan 2020, er staten avhengig av kommunane. Men kommunane har eigne mål knytt til eiga utvikling, og samstundes må dei vega jordvernet mot andre nasjonale omsyn, som bustadbygging og infrastruktur. Omsynet til kli-

mavenleg knutepunktutvikling gjer mellom anna at kommunane skal prioritera kompakt bygging i tettstadar (SPR-BATP 2014; Hanssen, Hofstad og Saglie, 2015).

Forholdet mellom statlege og kommunale institusjonar står sentralt i all forvaltning av naturressursar. Ettersom goda og ulempene ved ivaretaking av jordressursane er skeivt fordelte på styringsnivåa, gir det meining å nytta Naustdalslid (1992) si typologisering av miljøproblem. Denne typologiseringa (figur 2) baserer seg på om miljøproblema vert skapte konsentrert eller spreidd, og i kva grad skadane frå miljøproblema fordeler seg konsentrert eller spreidd (Naustdalslid, 1992).

		Problemgenerering	
		Konsentrert	Spreidd
Fordeling av miljøskadar	Konsentrert	A: Lokale problem	B: Problem som har spreidd opphav, men konsentrerte konsekvensar
	Spreidd	C: Lokalt genererte problem med spreidde ulemper (<i>til dømes jordvern</i>)	D: Diffust opphav, regionale eller globale ulemper

Figur 2

Ulike typar miljøproblem (Naustdalslid, 1992, 41)

Jordvern kan plasserast i rute C, då omdisponeringa av jord skjer lokalt, medan konsekvensane på sikt vil kjennast nasjonalt og potensielt globalt: Dersom kommunane med matjord vel å omdisponera denne jorda til bustader, veg og andre føremål, vil konsekvensane vera lågare sjølvforsyning for heile den norske befolkninga. Det vil auka behovet for å importera matvarer, og såleis leggja ytterlegare press på den globale matproduksjonen som allereie er sårbar på grunn av klimaendringane.

Når konfliktpotensialet mellom nasjonalt og lokalt nivå er stort, aukar behovet for sterk styring frå nasjonalt hald (Reitan, Saglie og Smith, 2012). Ifølgje Falleth og Hovik (2009) vil desentralisering av avgjerslemakt vera meir effektivt enn sentralisering i situasjonar der avgjerslene som vert tekne ikkje har noko effekt utanfor kommunen. Når lokale aktørar må bera kostnaden av ein politikk som er til fordel for det nasjonale eller globale samfunnet, er det derimot sannsynleg at desentralisering av myndigheit vil vera ineffektivt (Falleth og Hovik, 2009). I tråd med prinsipal-agent teori føreset dette at kommunane berre er i stand til å ta egoistiske val, det vil seia at den lokale nytta overstig den lokale kostnaden av vedtaka.

I Noreg kan statlege myndigheiter påverka kommunal planlegging gjennom deltaking i planprosessen, og dei kan sanksjonera kommunal arealplanlegging ved å melda motsegner dersom planane er i strid med nasjonale mål og retningslinjer (Falleth og Saglie, 2012). Ved fyrste augekast kan difor den statlege styringa verka hard. I Hamre (2017) vart dei ulike styringsverktøya til staten i arealpolitikken tolka opp mot NATO-modellen til Christopher Hood (1983). Funnet var at mange av dei statlege styringsverkemidla er reguleringar, noko som i utgangspunktet er harde styringsverkemiddel, men bruken av dei viste seg i mange tilfelle å vera mjuk og ikkje bindande for lokalpolitikarane si forvaltning av jordressursane. Dette er i tråd med andre undersøkingar som syner at det er stort skjønn i jordvernsaker (Gunnufsen m.fl. 2015; Skarsbø, 2015). I tillegg har praksisen for statlege motsegner i arealsaker blitt meir liberal; miljøomsyn tapar oftare i konkurranse med utbyg-

gingsomsyn. Årsaker til dette er auka krav frå Solberg I og Solberg II-regjeringa til effektivitet i arealplanlegginga, at myndigheiter som kan fremja motsegner er bedne om å redusera talet på motsegner, og at kommunane oftare får medhald i utbyggingssakar (Strand og Næss, 2017; Hanssen og Aarsæther, 2018).

Plan- og bygningslova etablerer spelereglane og prosedyrane, men set i liten grad krav til innhaldet i planane (Bugge, 2011). Jordvern er nedfelt som eit omsyn som skal ivaretaast, og balanserast mot andre, i lokaldemokratiske planavgjersler. Dette kjem til uttrykk i pbl (2008) § 3-1, som seier at eit av omsyna planlegging skal ivareta er å «sikre jordressursene, kvaliteter i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljøer». I 2017 vart jordvernet ytterlegare vektlagt i plan- og bygningslova, gjennom at det òg kom inn i § 19-2 om dispensasjonar: «Ved dispensasjon fra loven og forskriften til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, jordvern, sikkerhet og tilgjengelighet» (vår understreking). Likevel legg planlova av 2008 opp til at dei lokalt folkevalde tar føringa i planprosessar (Holth, 2018)- noko Aarsæther (2012) har tolka som ei dreining mot «planlegging som politikk». Det inneber at det innanfor rammene til plan- og bygningslova er rom for eit ganske fritt skjønn (Gunnufsen, Øvrum og Nordal, 2015; Skarsbø, 2015; Winge, 2017). Dette blir understreka i den nasjonale rettleiinga; «Det er nødvendig å ta vare på god matjord, men jordvernet må balanseres mot storsamfunnets behov» (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2014:2). Ettersom det er rom for lokalpolitikarane å setja stampelet sitt på forvaltinga av jordressursar, og desse skal stå til ansvar for lokalbefolkninga, forventar me at partipolitiske konfliktlinjer som vedkjem jordvernet vil koma til uttrykk i kommunane si forvalting av jordressursane.

Den jordbruksideologiske konfliktlinja

Innanfor naturvernet finn Reitan og Holm (2012) at særleg to partipolitiske skilnadar gjer seg gjeldande på nasjonalt nivå. Den fyrste skilnaden mellom partia omhandlar spørsmålet om sentralisering av avgjerslemyndigheit (Reitan og Holm, 2012), og kan kallast ei kommuneideologisk konfliktlinje (Flo, 2008). I Noreg står den territoriale skiljelinja sterkt, og desentralisering av politisk avgjerslemyndigheit er noko alle partia på Stortinget tar til orde for i meir eller mindre grad. I likskap med strandsonepolitikken, som Vold og Reitan (2012) undersøkte, kan ein seia at også jordvernpolitikken er del av ein større debatt om rolla til lokalstyret. Vold og Reitan påpeikar at ein må skilja mellom partias ideologisk grunngitte standpunkt, og korleis denne ideologien utspelar seg på ulike sektorpolitikkar (Vold og Reitan, 2012). Jordvern er ein sektorpolitikk der ein kan forventa at partia er usamde.

Den andre konfliktlinja omhandlar substansielle spørsmål om jordvernet, særleg spørsmålet om kva rettane til grunneigar skal vera i møte med statlege behov for jordvern (Reitan og Holm, 2012). Nokon bønder ønskjer å bruka landbrukseigedomen til andre føremål enn matproduksjon, medan andre ønskjer å nytta eigedomen til rein matproduksjon. Det oppstår dermed spenningar i landbruket mellom bonden som grunneigar/eigedomsutviklar og matprodusent (Falleth og Sogn, 2013). Me kallar den for ei jordbruksideologisk konfliktlinje (offentlege reguleringar for å ivareta jordvern vs. privat eigedomsrett).

Alle partia på Stortinget er meir eller mindre einige om måla med den norske landbruks-politikken og jordvernpolitikken: Matsikkerheit, landbruk i heile landet, auka verdiskaping og berekraftig jordbruk (Landbruks- og matdepartementet 2011; 2017). Særleg matsikkerheit og landbruk i heile landet legg til grunn at det finst areal å dyrka mat på. Sjølv om partia på Stortinget er samde om måla, har dei ulike syn på kva verkemiddel som sikrar måla. I jordvernspørsmål er partia i stor grad einige om målet om redusert nedbygging, men dei skil seg på kor villige dei er til å regulera den private eigedomsretten for å oppnå matproduksjon. Partia er usamde om kor balansepunktet mellom statlege reguleringar og privat eigarskap skal vera. Me skal undersøka den jordbruksideologiske konfliktlinja her, og hypotesen (H1) er dermed:

Dess meir villig eit parti er til å regulera den private eigedomsretten på landbrukseigedomar for å ivareta jordvernsomsyn, dess mindre jord vil partiet omdisponera til andre føremål.

Samstundes veit me frå tidlegare forskning at partipolitikken på lokalt nivå ofte er meir pragmatisk enn ideologisk, og at det kan vera vanskeleg å kjenna att dei ulike partia når det er lokalpolitiske spørsmål som står på agendaen (Ringkjøb, 2004). Studiar finn at lokalpartia ber med seg ein overordna ideologi i arbeidet sitt, som til dels er uttrykk for dei tradisjonelle skiljelinjene (Rokkan, 1987), men at dei *i tillegg* har med seg lokale erfaringar som gjer at dei både kan og må tilpassa seg den konteksten dei inngår i (Ringkjøb, 2006). Dermed vil spørsmåla me stiller også kasta ljøs over den statsvitskaplege diskusjonen om politiske parti kan sjåast på som homogene organisasjonar – eller om dei snarare ber preg av å vera *stratarki* der delane av partiorganisasjonen har ein viss gjensidig fridom (Ringkjøb, 2004; 2006; Valen, 1988; Sørensen, 1989; Skare, 1996; Saglie mfl., 2002).

DATA OG METODISK TILNÆRMING

For å finna ut kva som er rolla til partipolitikken i forvalting av norske jordressursar, er både kvalitative og kvantitative data nytta. Den kvalitative komparative casestudien byggjer på den kvantitative analysen av statistikk på kommunenivå. Tabell 1 gir ein oversikt over datamateriale og metodane som er nytta.

Tabell 1

Oversikt over datamateriale og metodar

Underproblemstillingar	Datakjelde	Metode
Korleis plasserer partia seg på den jordbruksideologiske skalaen?	Partidata frå nasjonale partiprogram, 2013–2017	Innhaldsanalyse
Korleis forvaltar partia jordressursane når dei kjem til makta i kommunane? Har jordbruksideologien til partia noko effekt på mengd omdisponering?	Kommunedata frå Kommunedatabasen, KOSTRA, SSB og NIBIO	OLS-regresjon
Kva rolle spelar partipolitikken i jordbruksforvaltinga lokalt? Kva andre faktorar enn partipolitikk kan forklara ulik mengd omdisponert jord i dei to kommunane?	Intervjudata frå feltarbeid i Spydeberg og Hobøl	Komparativ casestudie og analyse av intervjudata

Partia blir plasserte langs den jordbruksideologiske skalaen ved hjelp av ein innhaldsanalyse av nasjonale partiprogram frå perioden 2013 – 2017. For å finna ut kva partia gjer når dei sit med makta lokalt, har me nytta statistikk på kommunenivå. Me har testa den jordbruksideologiske aksen ved hjelp av regresjonsanalysar. I desse analysane utgjer den avhengige variabelen mengd omdisponert jord til bustadføremaal (SSB 2016b), medan uavhengig variabel, partivariabelen, baserer seg på ordførars parti i kommunane (Kommunedatabasen). Det blir kontrollert for befolkningsvekst (SSB 2012) og prosentandelen dyrka jord i kommunen (Mathiesen, 2014). Då funna viser at dei jordbruksideologiske konfliktlinja ikkje har ein statistisk signifikant effekt på omdisponeringa av jord, vart det også utført ein komparativ casestudie for å finna årsaker til kvifor omdisponeringa skjer.

For å unngå casar der svaret hovudsakleg ligg i dei geografiske variablane, legg me tre utvalskriterium til grunn for populasjonen av interesse: Kommunane skal ha sentralitet 3³, over 20 prosent forventa befolkningsvekst innan 2040 og over 10 prosent dyrka jord. Desse tre kriteria gjer at me kjem nærare konflikten mellom dyrka jord og utbyggingsinteresser. Me står att med ein populasjon på 56 kommunar som alle er i same situasjon: Dei er bynære kommunar med mykje dyrka jord.

Frå populasjonen på 56 kommunar valde me to kommunar som også liknar kvarande når det gjeld pendletid inn til landsdelsenter, folketal og storleik: Hobøl og Spydeberg kommune. Dei to kommunane er tilnærma like på alle geografiske og demografiske variablar (tabell 2), men dei er valde ut frå eit Most Similar Systems Design, og er såleis ulike på avhengig variabel – andel omdisponert jord. Spydeberg har bygd ned 1 dekar, medan Hobøl har omdisponert 211 dekar fordelt på dei to førre kommunestyreperiodane. I tillegg opplevde begge kommunane eit politisk skifte i 2011 (tabell 2), noko som gjer det mogleg å vurdere partipolitikken som endring over tid i den enkelte kommune samstundes som me kan samanlikne mellom kommunane. Det er stor skilnad i kor mykje dyrka jord casekommunane har registrert som omdisponert, men få skilnader etter politisk skifte internt i kommunane. Svaret på kvifor Hobøl har registrert meir omdisponert jord enn Spydeberg kan difor vera meir komplekst enn fargen på den styrande samarbeidskonstellasjonen.

3. Ein kommune har sentralitet 3 når den har funksjonar som eit landsdelssenter eller befolkningsstyngdepunktet i kommunen ligg innanfor ei 75 minuttars reisetid med personbil (90 minuttar for Oslo) frå eit landsdelssenter (Oslo, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø) (Leknes 2016).

Tabell 2**Hobøl og Spydeberg i eit Most Similar Systems Design**

	Hobøl	Spydeberg
Ukjend(e) årsak(er)	A	a
Parti i fleirtalskoalisjon i kommunestyre 2007-11	FrP + H + Sp + KrF	Sp + KrF + Ap + SV
Parti i fleirtalskoalisjon i kommunestyre 2011-15	Ap + V + Sp	KrF + H + FrP + V
Sentralitet (SSB)	3	3
Pendletid inn til landsdelssenter	Mellom 30 og 45 min	Mellom 30 og 45 min
Vekst (SSB 2012)	41 %	35 %
Prosentandel fulldyrka jord (Mathiesen 2014)	20,9 %	27,7 %
Faktisk fulldyrka jord (Mathiesen 2014)	29 082 dekar	37 026 dekar
Omdisponert 2007-11	91 dekar	0 dekar
Omdisponert 2011-15	120 dekar	1 dekar

Intervjua i Hobøl og Spydeberg vart utført mellom 28. november og 5. desember 2016. Me valde å intervju ein representant frå FrP og ein frå Høgre, det største av dei borgarlege partia i høvesvis Hobøl og Spydeberg i perioden 2011-15. På same vis var Venstre større enn KrF i Hobøl, og omvend i Spydeberg. Både Ap og Sp har hatt avgjerande rollar i begge kommunar, og difor ynskte me å intervju representantar frå desse partia i begge kommunar. Representantar frå forvalting og bondelag vart intervju for å få kjennskap til deira observasjonar av forholdet mellom partipolitikk og jordvern. Til saman vart 16 personar intervju (tabell 3) i 12 intervju.

Tabell 3**Intervju på feltarbeid i Hobøl og Spydeberg**

Respondent	Stilling
R1	Plan- og miljøvernrådsgjevar, Hobøl
R2	Formannskapsmedlem (Sp) 2011-2015, Hobøl
R3	Formannskapsmedlem (V) 2011-2015, Hobøl
R4	Kommunestyremedlem (FrP) 2011-2015, Hobøl
R5	Arealplanleggjar, Spydeberg
R6	Formannskapsmedlem (Ap) 2011-2015, Spydeberg
R7	Landbrukssjef ved landbrukskontoret til Hobøl, Spydeberg og Askim
R8	Rådsgjevar ved landbrukskontoret til Hobøl, Spydeberg og Askim
R9	Ordførar (KrF) 2011-2015, Spydeberg
R10	Administrativt tilsett ved byggesak og teknisk, Spydeberg
R11	Administrativt tilsett ved byggesak og teknisk, Spydeberg
R12	Organisasjonssjef, Østfold Bondelag
R13	Leiar, Østfold Bondelag
R14	Seniorrådsgjevar, avdeling ressurs og areal ved Landbruksdirektoratet
R15	Ordførar (H) 2015-2019 (per e-post), Spydeberg
R16	Kommunestyremedlem (Sp) 2011-2015 (per e-post), Spydeberg

Artikkelen er skrive i forskingsprosjektet «Evalueringsprosjektet av pbl (2008) – fungerer plandelen etter intensjonene» (EVAPLAN 2008), som er finansiert av DEMOSREG-programmet i Forskningsrådet frå 2014–2018, og baserer seg på ein masterstudie i samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen (Hamre, 2017).

ANALYSE: KAN PARTIPOLITIKKEN FORKLARA GAPET MELLOM DET NASJONALE MÅLET FOR OG DEN LOKALE FORVALTINGA AV JORDRESSURSANE?

Kva er partias jordbruksideologi?

Jordbruksideologisk skala

Den jordbruksideologiske skalaen strekkjer seg frå partia som er mest til minst villige til å regulera den private eigedomsretten på landbrukseigedomar, og ser slik ut: Sp – SV – KrF – Ap – V – H – FrP.

Dei raudgrøne partia og KrF nemner at dei anten ynskjer å styrka eller ha eit strengt jordvern. Senterpartiet vert plassert lengst til venstre grunna deira fokus på å auka det juridiske vernet av matjorda (Sp 2013). SV er også plassert langt til venstre fordi dei vil vidareføra bu- og driveplikt og prisregulering på landbrukseigedomar (SV 2013). KrF skriv ikkje noko direkte om eigedomsregulering, men partiet ynskjer å innføra ei ordning med gebyr når matjord vert omdisponert (2013). Arbeidarpartiet nemner ikkje verkemiddelbruken, men slår fast at dei vil auka matproduksjonen i takt med befolkningsveksten (Ap 2013). Ettersom partiet ikkje nemner eigedomsreguleringane, vert Ap plassert på midten av den jordbruksideologiske aksa.

Venstre vil avgrensa den statlege buplikta og prisreguleringa på landbrukseigedomar. Dei vil også fjerna odelsretten og delingsforbodet i jordlova (2013). Samstundes vil partiet sikra vern av produktiv matjord mot irreversible endringar (2013). Dei er difor i ein mellomposisjon mellom Ap og den sterkare dereguleringslinja til Høgre og FrP: Høgre vil oppheva buplikta, delingsforbodet og priskontrollen. Partiet vil balansera jordvernet mot storsamfunnets behov (2013). FrP vil gjeninnføra fri eigedomsrett på landbrukseigedomar og avvika konsesjons-, bu- og driveplikta, samt odelsreglane (2013a).

Me ser at den jordbruksideologiske aksa som teiknar seg, liknar den klassiske høgre-venstre-aksen, men med to viktige unntak: Senterpartiet har fått verdi 1, medan Ap ligg i sentrum med verdi 4.

Statistisk analyse av kommunedata i perioden 2011 – 2015

Tabell 4 viser gjennomsnittleg mengd omdisponert dyrka jord til bustadføremål per ordførarparti i dei mest sentrale kommunane. Det er 150 kommunar med sentralitet 3, men utvalet vert 138 fordi me tar ut dei kommunane som har ordførarar frå andre parti enn stortingspartia. Det er ein liten skilnad mellom partia, men desse skilnadane reflekterer ikkje det forventede mønsteret frå H1. Ap-styrte og FrP-styrte kommunar har i gjennomsnitt omdisponert størst mengd dyrka jord, medan Venstre-styrte kommunar har omdisponert

minst. KrF-, Sp- og Høgre-styrte kommunar er i ein mellomposisjon når det gjeld gjennomsnittleg mengd omdisponert dyrka jord.

Tabell 4

Gjennomsnittleg mengd omdisponert jord til bustadføremål per ordførarparti

Parti (ordfører)	Gjennomsnittleg omdisponert mengd	Talet på kommunar
KrF	11,8	11
Sp	17,6	19
Ap	28,2	49
FrP	31	3
H	15,6	53
V	4,7	3

Av dei 138 kommunane i utvalet omdisponerte 54 av dei 0 dekar, medan 84 av kommunane omdisponerte éin dekar eller meir. Ettersom såpass mange kommunar i utvalet ikkje har omdisponert jord, er avhengig variabel skeiv, noko som kan påverka regresjonsføresetnadane. Difor vert variabelen logtransformert, noko som ifølgje Midtbø (2012) ofte vil gjera skeive variablar mindre skeive. Deretter vert kommunane som ikkje har omdisponert gjort om til manglande verdier. «Parti» er operasjonalisert til ein skala der partia har fått verdier som byggjer på klassifiseringa i den jordbruksideologiske skalaen (sjå ovanfor), til dømes har kommunar med Sp-ordfører verdi 1. OLS-regresjon med logtransformert avhengig variabel vert nytta. Resultata framkjem i tabell 5.

Tabell 5

Påverknaden av partitilhøyre til ordfører, befolkningsvekst og prosentdel jord på omdisponering av jord. Resultata av OLS-regresjon (N=137).

	Effekt på omdisponert dyrka jord til bustadføremål etter pbl
Parti (jordbruksideologisk akse)	-,015 (,080)
Befolkningsvekst (-47% – 109%)	,010 (,007)
Prosentdel jord (0% – 68,6%)	,023 (,013)
N	137
R ²	,053

*p<.05,**p<.01,***p<.001

N= Her er N redusert til 137 kommunar; Klepp er tatt ut av utvalet fordi denne kommunen fører til brot på regresjonsføresetnaden om betydingsfulle einingar.

Ettersom avhengig variabel er logtransformert, kan ein sjå på endringane i omdisponert jord som prosentvise endringar. Det tyder at ein einings auke på den jordbruksideologiske aksa vil føra til ei prosentvis endring i omdisponeringa på -1,5 prosent. Partivariabelen får ein negativ regresjonskoeffisient, noko som tyder at den predikerte retninga i hypotesen

er feil. Resultatet syner at dess mindre villig eit parti er til å regulera den private eigedomsretten, dess mindre omdisponerer partiet. Ettersom partivariabelen ikkje har ein statistisk signifikant effekt, kan ikkje resultatet nyttast til å forkasta hypotesen. Men resultatet svekjer antakinga om at partipolitikken har noko å seia for den lokale forvaltinga av jordresursane.

Det kan vidare merkast at korkje befolkningsveksten eller prosentdelen jord i kommunane har ein statistisk signifikant effekt på omdisponeringa, noko som trekkjer i tvil validiteten på kommunedata. Særleg er partivariabelen hefta med låg intern validitet, då denne er basert på ordførarpartiet i kommunen; kommunar blir oftast styrte av partikoalisjonar, ikkje berre av det partiet som sit med ordføraren. Likevel meiner me at ordførars parti kan vera ein god proxy på kva parti som har makt i ein kommune, fordi ordførarpartiet ofte er størst i den samarbeidskonstellasjonen som styrer kommunen.

Ei anna utfordring ved datamaterialet er at talet på omdisponerte dekar ikkje blir registrert i nasjonale statistikkar før på reguleringsplanstadiet, medan avgjersla om å ta inn eit område i kommuneplanen ofte blir teke på eit tidlegare tidspunkt. Reelt sett er det mogleg for kommunestyre å avvise ein reguleringsplan, men som me skal sjå i den komparative casestudien (5.3.2 a), er det ikkje praksis å gjera dette. Denne tidsforskyvinga mellom kommuneplan og reguleringsplan er ei mogleg feilkjelde i den statistiske analysen.

Komparativ casestudie av Spydeberg og Hobøl

Intervjudata frå Spydeberg og Hobøl er delt inn i to hovuddeler: Data som omhandlar partipolitikken, og data som omhandlar andre mekanismar som kan vera med og forklara ulikskapen i omdisponering mellom dei to kommunane.

Lokalpolitikarar opplever partipolitikk som viktig for jordvernet

Tre av 16 respondentar opplever at det er lite eller ingen skilnad på partia når det kjem til spørsmål om jordvern. R1 ved planadministrasjonen til Hobøl kommune seier at ho ikkje har merka noko skilnad mellom partia; «Det er dei same menneska uansett.» Representantane frå Hobøl FrP og Spydeberg Høgre seier også at dei ikkje har merka noko skilnad mellom partia når det kjem til jordvern.

Dei andre respondentane teiknar opp ein akse som liknar den jordbruksideologiske aksa, der særleg Sp, men også KrF og Venstre er mest opptekne av jordvern, medan Høgre og FrP er minst opptekne av det. Politikarane ser liten eller ingen skilnad mellom Ap, H og FrP når det kjem til politikken på jordvern.⁴ Representanten frå Hobøl Venstre meinte at desse tre partia er med på å verna matjord berre dersom det finst andre gode alternativ for utbygging. Ap-representanten frå Spydeberg meinte også at det var liten skilnad mellom eige parti og Høgre i slike saker lokalt. Dette støttar plasseringa av Ap i sentrum av den jordbruksideologiske aksa.

4. SV og MDG hadde ikkje kommunestyrerepresentantar i begge kommunestyreperiodar (2007–11 og 2011–15), og er difor ikkje omtala.

Sjølvs om Sp vert oppfatta som det partiet som i teorien er mest oppteken av jordvern, er det ulik oppfatning blant respondentane om det har noko å seia at Sp sit i posisjon. Det kjem fram under intervju med R5 frå planadministrasjonen i Spydeberg at fleire store område hamna inn i kommuneplanen med Sp-ordførar. Ho har, i likskap med respondentane frå Landbrukskontoret i desse kommunane, sett jordvernpolitikken utanfrå over tid. Dei meiner at partifargen spelar ei vesentleg rolle for kva ståstad politikarane tar.

Sjølvs om både politikarar og forvalting opplever partipolitikken som viktig for korleis jordressursane blir forvalta, har Hobøl omdisponert meir enn Spydeberg over to periodar med skiftande politisk styre. Intervjua avdekka ei rekke årsaker til kvifor dei partipolitiske konfliktlinjene ikkje kjem meir til syne. Desse vedkjem både horisontale forhold (mellom dei ulike aktørane i kommunen – politikarar, administrasjon, innbyggjarar, utbyggjarar) og vertikale forhold (mellom dei ulike styringsnivåa – kommune, fylke, stat). Under følgjer nokre årsaksmekanismar bak omdisponering av jord. Det er ei liste som i realiteten vil vera mykje lengre, og som vil variera frå kommune til kommune, men dei fem årsakene me har trekt fram her verka å vera viktige for dei to kommunecasane.

Viktige årsaker til nedbygging av jord lokalt

a. Treigheit i systemet: Føreseielegheit til innbyggjarane vs. nye omsyn til jordvern

I arbeidet med dei siste kommuneplanane til Spydeberg og Hobøl hadde det i begge kommunar vore praksis å vidareføra område som var avsett til utbygging i gamle kommuneplanar, sjølv om desse områda enno ikkje er levert reguleringsplan på. Respondenten frå Hobøl FrP opplever at dersom eit område vert teke inn i kommuneplanen, er det ein lovnad om seinare utbygging og difor bindande for framtida. Representanten frå Hobøl Venstre opplevde aldri noko debatt om områda som låg inne i kommuneplanen då han kom inn i kommunepolitikken. I ettertid har det slått han som merkeleg at ein ikkje debatterte områda som ble lagt inn i kommuneplanen på 90-talet og bestod av dyrka jord: «(...) dei områda som var der frå før, dei følte ein liksom var freda.» Han meiner, i likskap med representanten frå Hobøl FrP, at det blir vanskeleg for innbyggjarane å forhalda seg til politikarane dersom dei ikkje kan stola på det kommuneplanen teiknar opp.

Mange av respondentane understreka at jordvern ikkje har stått særleg høgt på agendaen før dei siste ti åra, og at alle partia har blitt meir opptekne av jordvern enn dei var før. Tidlegare kommuneplanar har ikkje vore like opptekne av jordvern, og difor oppstår ein konflikt mellom gamle og nye planar, der regelen er at gamle område får stå. I Spydeberg hadde ein rett nok teke ut att av kommuneplanen eit område tidlegare avsett, men enno ikkje utbygd, noko som var ein bytehandel med Fylkesmannen; for å få inn eit område, måtte eit anna ut. Ifølgje R5 i planadministrasjonen til Spydeberg kunne politikarane tenkt seg å ha begge dei to jorda inne i kommuneplanen.

At ein reguleringsplan vart vedteken i 2012, treng med andre ord ikkje å tyda at dei som sat med makta i 2012 hadde kjensla av at dei tok den reelle avgjersla om å omdisponera jord. Mest sannsynleg oppfatta dei at avgjersla om omdisponering skjedde den gongen området vart teke inn i kommuneplanen. Politikarane verkar å kjenna stor lojalitet overfor grunneigarar som er tilgodesett og har fått ei forventning om framtidig avkastning i gamle kommuneplanar. Samstundes vil dei visa styresmaktene at ein klarar å ta omsyn til dei «nye»

krava om jordvern, men lojaliteten til innbyggjarane ser ut til å trekkja det lengste strået. Det verkar ikkje å vera noko skilnad mellom dei ulike partia på dette punktet.

b. Økonomiske og personlege interesser i utbyggingssaker

Arealpolitikk grip direkte inn i kvardagen til folk, og mange har sterke meiningar om korleis ein tettstad skal utvikla seg. Deltaking frå innbyggjarar er ynskjeleg i planprosessar, men det kan vera problematisk for eit lokaldemokrati dersom ressurssterke individ har moglegheita til å avgjera utfallet av ei plansak ved å driva lobbyverksemd. At dette ser ut til å vera mogleg understrekar funna til Falleth og Hovik (2009) om at naturvern i liten grad er institusjonalisert på det lokale nivået. Når lokalpolitikarane har eit stort handlingsrom, og styringa frå staten si side ikkje er spesielt hard, opnar det opp for påverknad frå andre krefter.

I Spydeberg hadde det tidlegare, ifølgje respondenten frå Spydeberg KrF, vore krig i bygda då ei utbyggingssak nord for jernbanen var til behandling. Her var det sterke interessantar som ikkje ville at sentrum skulle strekkja seg i den retninga. Denne saka kjem også R13 i Bondelaget inn på. R13 opplevde at dei som var imot utbygginga, hadde god kunnskap om historiske hendingar som gav området ekstra tyngde. Ifølgje vedkomande handla dette «om sterke personar som har moglegheita til å påverka.»

Grunneigar spelar ei sentral rolle i jordvernet. R12 i Bondelaget påpeikar at grunneigarar kan få eit godt utbytte for jorda si i område som Spydeberg og Hobøl der befolkningsveksten er høg og bustadpresset stort. Respondenten frå Hobøl Venstre opplevde at ein grunneigar som ynskte bustadbygging på tomte si, ofte var til stades som tilskodar på dei formelle møtearenaane og bad seg til ulike gruppemøter i dei ulike partia.

Me finn også stønad for Nordahl (2012) og Hanssen og Falleth (2014) sine funn om at planlegginga er blitt meir marknadsorientert. Representantane frå Sp var særleg kritisk til innverknaden private aktørar har på arealutviklinga. Ifølgje Sp-politikaren i Hobøl har administrasjonen meir enn nok med å behandla og setja godkjend-stempel på dei søknadane som kjem inn. Sp-politikaren i Spydeberg meiner at nokre politikarar lèt seg for sterkt påverka av visse utbyggjarar og grunneigarar, noko som har ført til at unødvendige areal har vorte teke ut til bustadbygging. Andre studiar i norske kommunar finn liknande tendensar; i ein studie av Sola og Randaberg (Skog 2018) kjem det fram at Sola hadde større «buffer» med potensielt areal dei eigentleg ikkje trong for å handtera befolkningsveksten, og difor vart det meir rom for spel i enkeltsaker.

c. Synet på lokal utvikling inkluderer ikkje landbruket

Innanfor forståingsramma til fleirnivåteorien vil det ofte vera konflikt mellom nasjonale forventningar om å verna naturressursar, og dei lokale behova for å ta dei i bruk (Reitan og Holm 2012). Vekst-vern-problematikken er levande også lokalt i Spydeberg og Hobøl. Nokre er kritiske til vekstprosenten kommunane legg opp til, medan andre hovudsakleg ser dei positive verknadane av å bli større.

I denne vekst-vern-dikotomien ser jordbruket ofte ut til å hamna i vern-kategorien. Ifølgje R13 ved Bondelaget vert utvikling likestilt med bustadbygging, høgare folketal, tilgang på næringsareal og god infrastruktur. Synet på jordvern som hinder for utvikling, kom også fram i retorikken fleire nytta kring jordkvaliteten på dei omdisponerte områda. Både i Spydeberg og Hobøl vart areal som skulle byggjast ned, omtala som tungdrive og av

dårleg kvalitet. Eit areal i Hobøl vart skildra som «ikkje drivbart» fordi det hadde legi brakk i fleire år. Om det same arealet seier respondenten frå Hobøl FrP at det aldri vil bli dyrka att fordi ein ikkje kjem til med dagens landbruksreiskap. Då R3 frå Hobøl Venstre kom inn i politikken, vart det aktuelle området avfeia i ei bisetning om at det var dårleg jord. Dette var også tilfellet i Ås kommune, der dårleg jordkvalitet var eit argument for alle sju som ønskte å omdisponera jordbruksarealet sitt og som var inkludert i studien til Horne (2017). Ingen av desse grunneigarane dreiv jorda si sjølve.

Dette heng også saman med grunneigars makt i jordvernet. Dersom grunneigar ikkje vil driva sjølv og ikkje leiger jorda vekk til nokon som driv ho, vil jorda etterkvart bli oppfatta å vera unyttig. Som Rundskriv M-1 (2013) frå Landbruks- og matdepartementet slår fast må det objektivt sett liggja til rette for jordbruksproduksjon, og denne produksjonen må vera av eit visst omfang, for at forbodet mot omdisponering skal gjelda (LMD, 2013).

d. Andre sektoromsyn har eit sterkare vern

Under intervju med to av dei tilsette ved Landbrukskontoret vart det framvist ei konsekvensutgreiing for eit jorde i Spydeberg. I slike konsekvensutgreiingar skal ei rekke tema vurderast, mellom anna vassdragsvern, biologisk mangfald og kulturminne. Alle desse tema skal vektast frå A til C, der A tyder at utbygginga får ingen eller låg konsekvens og C tyder høg konsekvens. Konsekvensutgreiinga me vart vist, hadde éin C som gjekk på jordvernet, tre A-ar og tre B-ar. Ifølgje respondentane ved Landbrukskontoret er det ikkje uvanleg at konsekvensutgreiingar har éin C, og at den er på jordvern, ved utbygging på eit jordbruksområde.

R7 og R8 ved Landbrukskontoret meiner å sjå at jordvernet har dårlegare odds enn mange andre sektoromsyn. Mellom anna opplever dei at kulturminnelova gir sterkare vern enn jordlova. Også Falleth og Sogn (2013) peikar på at landbruksmyndighetene sjeldan er tydelege på at vern av matjord er vern av ein fellesressurs, ikkje eit vern av landbrukseigedom. Det skal i utgangspunktet ikkje vera noko hierarki mellom vern av desse sektoromsyn, men jordvernet har ikkje noko sterkt særlovverk som ivaretek det i utbyggingssaker etter plan- og bygningslova (Skog 2018). Så lenge det er tvitydigheit om jordvernet, vil utbyggingsinteresser bruka det politiske handlingsrommet (Falleth og Sogn 2013). Skarsbø (2015) finn at jordvernet vert forvalta liberalt også av det statlege nivået.

e. Utøvinga av jordvernet gjennom Fylkesmannen

I begge kommunecasane involverte Fylkesmannen seg i dei siste kommuneplanane. I Spydeberg gav Fylkesmannen beskjed om at dersom kommunen skulle bruka dyrka jord, så måtte det vera til større samfunnsoppgåver enn privat bustadbygging. I Hobøl kom det tre motsegner, men ifølgje R1 ved administrasjonen i Hobøl var dette var på ting som var ulovlege. Dette var administrasjonen klar over, men politikarane ville gjera eit forsøk likevel. Også i Spydeberg hadde administrasjonen opplevd ein liknande situasjon: «(...) planmyndigheita utarbeida forslaget sitt, og har eit rekneskap, og så vil politikarane leggja inn meir.» R12 i Bondelaget trur dette medfører at Fylkesmannen får eit dilemma: «Viss kommunen kjem med ynskje om å byggja ned ti forskjellige areal, så må dei plukka ut kva som er viktigast å ta vare på.»

Administrasjonen kan bruka Fylkesmannen som argument i møte med politikarar som

vil byggja ned meir dyrka jord. Ifølgje R10 ved administrasjonen i Spydeberg er Fylkesmannen truleg for streng for politikarane. Der hadde det vore eit ynskje blant politikarane om å byggja ut fleire jorder, men administrasjonen gav eit råd om å ikkje gjera det på grunnlag av signal frå Fylkesmannen.

Det er mogleg å sjå partias kommuneideologi i politikarane si oppfatning av Fylkesmannen på tvers av kommunecasane. Nokre av lokalpolitikarane ser på Fylkesmannen si involvering som eit alvorleg inngrep i det kommunale sjølvstyret, medan andre verkar å håpa at handlefridomen deira vert innskrenka slik at dei slepp å ta alle kampane lokalt. FrP-politikaren i Hobøl meiner at Fylkesmannen blandar seg altfor mykje inn i det lokale sjølvstyret: «Det er fleirtal for ei sak, og så kjem Fylkesmannen inn, og så har det seti ein saksbehandlar i systemet som har ei vanvitig makt, og den overprøver faktisk demokratiet.» KrF-politikaren på si side opplever Fylkesmannen si restriktive linje på bruk av matjorda som ei hjelp for at han skal få gjennomslag for sin politiske ståstad. Ifølgje Sp, både i Spydeberg og Hobøl, kunne gjerne Fylkesmannen vore strengare når det gjeld jordvern. Det tyder kanskje at jordbruksideologien deira slår sterkare ut enn kommuneideologien når det kjem til jordvern.

DISKUSJON OG KONKLUSJON

Det lokale nivået har vorte meir og meir viktig i miljøforvaltninga verda over (Lemos og Agrawal, 2006). Funna bekreftar tidlegare forskning som finn at det lokale skjønnsrommet er stort for jordvernet. Me vil her diskutera hovudfunna frå dataanalysen: At partia sin jordbruksideologi er synleg lokalt, men at jordvern i all hovudsak vert vekta i ein lokal, ikkje i ein partipolitisk, kontekst.

Partia sin jordbruksideologi er synleg lokalt

Jordbruksideologien til partia er synleg i både kva lokalpolitikarane og forvaltinga lokalt seier. Ein skala med utgangspunkt i svara deira på kva parti som vektlegg jordvern frå mest og minst lokalt, ville sett omtrent slik ut: Sp – Venstre/KrF/SV – Ap – Høgre/FrP. Denne er nærast identisk med den jordbruksideologiske konfliktstiljeninga me fann: Sp – SV – KrF – Ap – V – H – FrP.

Ein kunne òg tenkt seg at konfliktlinjene ikkje ville koma til uttrykk lokalt, rett og slett fordi konfliktlinjer er mindre synlege i lokalpolitikken, slik Skare (1996) finn. Det kan nok vera ei medverkande forklaring til at partipolitikken ikkje gjer seg meir gjeldande i jordvernsaker, sjølv om heile 13 av 16 respondentar i Spydeberg og Hobøl oppfatta at partia faktisk er ulike i arealpolitikken.

Partipolitikken gjeld, men den lokale konteksten avgjer

Utfordringane er, som i dei fleste andre land, å sikra at nasjonale mål vert reflektert i lokal arealplanlegging (OECD 2017). Ifølgje Reitan og Holm (2012) er det vanskeleg for lokaldemokratiet å kombinera rolla som eit verkemiddel for iverksetjing av nasjonal politikk,

og rolla som avgjersletakar i tråd med lokalpolitiske mål og interesser. Denne splitta rolla til kommunane var tydeleg i Hobøl og Spydeberg: Alle lokalpolitikarane oppgjer at dei er veldig opptekne av jordvernet. Når dei lagar politikk er likevel ikkje eit sterkt jordvern alltid resultatet. I staden for at partipolitikken skin gjennom, ser me heller at ei rekke lokalspesifikke forhold har stor betydning. Er grunneigaren villig til å jobba litt ekstra for å få politikarane på sitt lag? Har planadministrasjonen mykje dei skulle sagt i møte med politikarane? Har nokon av politikarane sterke personlege interesser i å få utbygd eit område? Alt dette og mykje meir pregar den lokale konteksten. Partipolitikken er viktig, men det er alle dei lokalspesifikke forholda som verkeleg ser ut til å avgjera.

Falleth og Hovik (2009) påpeikar at det er få institusjonelle ordningar for å fylgja opp miljøpolitikk i kommunane. Men som Nordahl (2012) og Hanssen og Falleth (2014) påpeikar, finn også denne studien at lokalpolitikarane i aukande grad er sett på sidelinja til fordel for private utbyggjarar som spelar ei viktig rolle i heile planleggingsprosessen. Slike neoliberale trender finn ein òg i andre land (OECD, 2017; Olesen, 2014; Sager, 2011). Skog (2018) finn at uformelle nettverk, der representantar for jordverninteressene ikkje deltek, dominerer avgjersleprosessane.

Lokalpolitikarane opplever også at Fylkesmannen er ein viktig aktør for utfallet av jordvernsaker. Fleire lokalpolitikarar verkar nesten å ha overlate jordvernet til Fylkesmannen, og kjenner mindre eigarskap til temaet sjølve. Undersøkinga viser vidare at avgjersler knytt til jordvern ofte er omdiskuterte og upopulære. I mange tilfelle vil det difor vera trygt for lokalpolitikarane å skjula seg bak argumentet om ein streng fylkesmann. Dette blei også peika på i Rogaland (Skog, 2018).

Fylkesmannen på si side har fått beskjed om å samordna motsegner og vektleggja tyngre det kommunale sjølvstyret. Arealplanleggar i Spydeberg påpeika at det har blitt færre motsegner på jordvern dei siste åra. Det kan tyda på at signala om å vektleggja det lokale sjølvstyret tyngre (KMD, 2014a; 2014b) har forplanta seg nedover i systemet. Strand og Næss (2017) finn at denne utviklinga i motsegnpraksisen har ført til ei liberalisering av arealplanlegginga med tilhøyrande kostander for miljøomsyn. Dette er òg funn frå forskning i Rogaland (Skog, 2018) og Trondheim (Skarsbø, 2015). Ein ser at lokale avgjersler er lite koordinert med nasjonale mål i arealplanlegginga også internasjonalt (OECD, 2017).

Aarsæther (2012) finn at det har skjedd ei dreining mot planlegging som politikk. Denne studien viser at planlegging ikkje er blitt politikk i den forstand at det berre er partia sine partiprogram som utspelar seg i praksis. I eit regime der lokalpolitikarane har fått hovudansvaret for eit strengare jordvernmål, vert ikkje jordvernet fyrst og fremst vekta innanfor eit partiideologisk rammeverk; det er det lokale rammeverket som utgjer den politiske røynda. Dei lokale goda knytt til nedbygging vil ofte overstiga dei lokale kostnadene ved å byggja på matjorda, eller motsett, dei lokale goda ved å behalde matjorda blir vurdert som mindre enn dei lokale kostnadene ved å lata det vera.

At skiftande lokale kontekstar får forrang er eit problem for den nasjonale – og i eit større perspektiv den globale – matsikkerheita. Ifølgje fleirnivåteorien (Reitan m.fl. 2012) aukar behovet for sterk styring når det er eit stort konfliktpotensial mellom nasjonalt og lokalt nivå. Når det gjeld jordvernet er dei nasjonale og lokale målsetnadane i openbar konflikt med kvarandre, likevel ser den statlege styringa ut til å ha blitt svakare. Det tyder kanskje på at matsikkerheit ikkje vert oppfatta som eit viktig nok politisk mål? Sagt på ein anna

måte, det kan vera eit uttrykk for at den jordbruksideologiske vektinga er låg, medan den kommuneideologiske sida er sterk i nasjonal politikk.

Konklusjon

Jordvern er ei sak som rører ved fleire strengar i ideologiane til dei politiske partia. Me finn den jordbruksideologiske aksen frå nasjonalt nivå igjen i lokalt nivå i usemja mellom partia når det gjeld kor villige dei er til å regulera den private eigedomsretten på landbrukseigedomar. Trass den predikerte viktigheita av partipolitikk, viste den statistiske analysen at det har svært lite å seia kva parti som sit med makta i ein kommune. I denne sammenhengen er det verd å minna om problema knytt til låg intern validitet i partivariabelen og ei mogleg feilkjelde knytt til avgjersletidspunkt for omdisponering av jord i avhengig variabel (sjå 5.2). Utgangspunktet for den komparative casestudien var at partipolitikk ikkje såg ut til å påverka graden av omdisponering over tid. Likevel gjekk det fram frå intervjuet at mesteparten av både lokalpolitikarane og forvaltinga opplevde partipolitikken som vesentleg i jordvernsaker.

Sjølv om partipolitikken blir opplevd som viktig lokalt, er hovudfunnet i studien at det er den lokale konteksten som avgjer. Den lokale nytten ved å behalda matjorda vert vekta mot den lokale nytten ved å byggja jorda ned. Implikasjonen av dette er at dersom kommunane skal vekta jordvernet tyngre, må den dyrka jorda bli oppfatta som eit lokalt gode som gagnar innbyggjarane lokalt. Dette kan mellom anna gjerast ved å vektleggja lokale gode, som lokal matproduksjon og landskap for rekreasjon (Barthel og Isendahl 2013; Skog, Brattestå og Thomassen, 2016; Skog, 2018; Zasada, 2011). I internasjonal forskning om spenninga mellom jordbruk og byvekst peiker ein på betydinga av det multifunksjonelle jordbruket, som i større grad blir opplevd som eit lokalt gode og hegna om av innbyggjarane (Zasada 2011)

Funna kastar òg ljøs over forholdet mellom det sentrale og lokale nivået i partiorganisasjonar, og bidrar til diskusjonen om korleis politiske parti er homogene organisasjonar – eller om delane av partiorganisasjonen er meir frikopla og har ein viss gjensidig fridom (stratarki) (Ringkjøp, 2004, 2006; Valen, 1988; Skare, 1996; Saglie 2002). Funna våre, at partipolitikken på jordvern vert opplevd som viktig lokalt, men at det er den lokale konteksten som avgjer, er dermed i tråd med den siste antakinga. Funna er i samsvar med det studiar på andre politikkområde har funne; at lokalpartia i arbeidet sitt ber med seg ein overordna ideologi, men at dei i tillegg har med seg lokale erfaringar som gjer at dei både kan og må tilpassa seg den konteksten dei inngår i (Ringkjøp 2004, 2006; Ervik 2014). Dette inneber at den lokale partiorganisasjonen har rom for ei slik lokal tilpassing av politikken, og blir farga av lokale politiske tradisjonar og konflikhtar. Dette varierer likevel mellom parti – og mellom politikkfelt. Me har vist at det innanfor jordbruks- og jordvernområdet finst eit handlingsrom for lokal tilpassing av partipolitikken.

Me ser òg at typologien til Naustdalslid kan bidra til å utdjupa korleis det lokalpolitiske handlingsrommet blir nytta. Med grunnlag i typologien kan ein seia at ulempene ved tap av matjorda må vera meir konsentrerte i kommunen, og ikkje spreidd fordelt på heile landet. Til dømes vil det i ein lokal kontekst vera logisk for ein lokalpolitikar å gå inn for eit nytt skulebygg på åkeren som ligg ved sida av barnehagen. Men dersom åkeren ved sida av

barnehagen vart hyppig nytta av barnehagen, ville omdisponering av åkeren kanskje verta oppfatta som eit tap for alle som var tilknytt barnehagen.

Ifølgje teorien til Falleth og Hovik (2009) vil auka fokus på lokal samfunnsnytte gjera desentralisering av avgjerslemakt meir effektiv, og Skog (mfl 2016, 2014) finn at vektlegging av lokale gode kan gje meir jordvern. Ei tredeling i typologien til Naustdalslid, kor ein skil betre mellom individuelle, lokale og nasjonale nyttegevinstar (og kostnader), vil kunne gjera modellen betre eigna til å analysa i kva grad kommunane er rusta til å forvalta miljøgoda. Alternativet er sterkare statleg kontroll på området. Viljen til å delegera mynde på jordvernområdet står sterkt blant partia i dag, noko som gjer auka statleg styring på området lite sannsynleg.

Denne studien understrekar korleis det lokale nivået er underlagt ein lokal kontekst som ikkje gjer det lett å predikera korleis forvalting av jordressursar slår ut i praksis. Dei lokale kontekstane gjer at ein får ulik forvalting ut frå lokale føresetnader som i nokre tilfelle vil vera svært tilfeldige. At det lokale nivået har ein eigen dynamikk, som i stor grad ser ut til å vera lausrive frå dei statlege målsetnadane, har også implikasjonar for fleirnivåteorien: Viss ein ikkje går grundig inn i lokaldemokratiet for kvart saksfelt, vil ein ikkje kunna forstå forholdet mellom det lokale, regionale og nasjonale nivået. Manglande føreseielegheit i den lokalpolitiske utøvinga av jordvernet kan i tillegg ha implikasjonar utover sektorområdet. Dersom ein ser på rolla til dei politiske partia som viktige bindeledd mellom det nasjonale og lokale (Saglie 2002), kan ei for stor lokal tilpassing og frikopling føra til at det politiske partiet blir opplevd som mindre føreseieleg for veljarane.

LITTERATURLISTE

- Arbeidarpartiet. 2013. «Vi tar Norge videre. Arbeiderpartiets program 2013 – 2017». Lest 3. mars 2017. <http://www.nsd.uib.no/polsys/data/filer/parti/10358.pdf>
- Barthel, Stephan, and Christian Isendahl. 2013. «Urban gardens, agriculture, and water management: Sources of resilience for long-term food security in cities.» *Ecological Economics*, 86: 224-234.
- Botnan, Jan Ivar. 2016. «Matsikkerhet i et klimaperspektiv». *Forsvarets Forskingsinstitutt*, FFI-rapport 2015/02223. Lest 28. oktober 2016. <https://www.ffi.no/no/Rapporter/15-02223.pdf>
- Bugge, Hans Chr. 2011. *Lærebok i miljøforvaltingsrett*. 3. utgåve. Oslo: Universitetsforlaget.
- Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap. 2017. *Risiko- og sårbarhetsanalyse av norsk matforsyning*. Lest 12. april 2017. <https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/rapporter/dsb-rapport-matros.pdf>
- Dramstad, Wenche, Sabrina Mazzoni og Wendy Fjellstad. 2012. Jordvern og arealplanlegging. Fakta 3/12. Norsk institutt for skog og landskap. <https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2453920/SOL-Fakta-2012-03.pdf?sequence=2&isAllowed=y>
- Eldby, Hanne og Chr. A. Smedshaug. 2015. «Selvforsyning av mat og arealbruk. Tar vi vare på matjorda?» *AgriAnalyse*, rapport 5-2015.
- Ervik, Bjørn. 2015. «Does the Mayor's Party Brand Matter? The Prospect of Statewide Parties' Policy in Local Government». *Local Government Studies*, 41:3, 339-361. DOI: 10.1080/03003930.2013.836493.

- Falleth, Eva Irene og Sissel Hovik. 2009. «Local Government and Nature Conservation in Norway: Decentralisation as a strategy in environmental policy». *Local Environment* 14, (3): 221-231. DOI: <http://dx.doi.org/10.1080/13549830802692849>
- Falleth, Eva og Inger Lise Saglie. 2012. «Kommunal arealplanlegging». I *Utfordringer for norsk planlegging*, redigert av Nils Aarsæther, Eva Falleth, Torill Nyseth og Ronny Kristiansen, 85-101. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget.
- Falleth, Eva. 2012. «Introduksjon til norsk planlegging». I *Utfordringer for norsk planlegging*, redigert av Nils Aarsæther, Eva Falleth, Torill Nyseth og Ronny Kristiansen, 49-62. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget.
- Falleth, Eva og Trine Sogn. 2013. Jordvern på flyttefot – enkel løsning på en vanskelig samfunnsutfordring? PLAN, 2/2013, s. 52-55.
- FAO og ITPS. 2015. Status of the World's Soil Resources (SWSR) – Main Report. Food and Agriculture Organization of the United Nations and Intergovernmental Technical Panel on Soils, Rome, Italy, p. 650.
- Flo, Yngve. 2008. «Partiet, kommunen og draumen om det nye samfunnet». I *Fleirnivåstyring og demokrati*, redigert av Ingrid Helgøy og Jacob Aars, 123-152. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke.
- Framstegspartiet. 2013a. «Handlingsprogram 2013 – 2017». Lest 3. mars 2017. <http://www.nsd.uib.no/polsys/data/filer/parti/10374.pdf>
- Framstegspartiet. 2013b. «Prinsippprogram 2013 – 2017». Lest 3. mars 2017. <http://www.nsd.uib.no/polsys/data/filer/parti/10375.pdf>
- Gunnufsen, Erling, Arnstein Øvrum og Ola Nordal. 2015. «Landbruks- og matdepartementet. Tiltak for å styrke jordvernet». *Asplan Viak*, 2/2015-02-10. Lest 15. april 2016. <https://www.regjeringen.no/contentassets/27bbed500314408b78a73eda8963937/jordvernutredning--sluttrapport-asplan-viak-05032015.pdf>
- Hamre, Lina. 2017. «Mange politiske mål på få mål jord. Ein analyse av partipolitikkens rolle i forvaltninga av norske jordressursar.» Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Hanssen, Gro Sandkjær og Eva Irene Falleth. 2014. «Market-Oriented Urban Planning – Constraining Citizen Participation». *Local Government Studies* 40, (3), 403-428. DOI: <http://dx.doi.org/10.1080/03003930.2013.834254>
- Hanssen, Gro Sandkjær, Hege Hofstad og Inger-Lise Saglie (red.) 2015. *Kompakt byutvikling – utfordringer og muligheter*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hanssen, Gro Sandkjær og Nils Aarsæther (red) (2018, kjem i august) *Pbl (2008) – en lov for vår tid?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Holth, Fredrik .2018. *Ødeleggelse av villmarksnatur*. Debattinnlegg i Dagens næringsliv, 11.mars 2018.
- Hood, Christopher C. 1983. *The Tools of Government*. London: Macmillan Press.
- Hooghe, Liesbet og Gary Marks. 2003. «Unraveling the Central State, but How? Types of Multi-level Governance». *American Political Science Review*, 97 (2): 233-243. DOI: <https://doi.org/10.1017/S0003055403000649>
- Horne, Tore Bakken. 2017. *Jordvernsutfordringer ved jordleie som driftsform i landbruket – en studie av Ås kommune*. Masteroppgåve, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet.
- Høgre. 2013. «Nye ideer, bedre løsninger. Høyres Stortingsvalgprogram 2013-2017». Lest 4. mars 2017. <http://www.nsd.uib.no/polsys/data/filer/parti/10362.pdf>
- Jordlova. *Lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-05-12-23>

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. 2014a. *Rundskriv H-2/14. Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven*. Lest 1. mai 2017. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/retningslinjer-for-innsigelse-i-plansaker-etter-plan-og-bygningsloven/id751295/>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. 2014b. *Brev 14/1359- Supplering av rundskriv T-2/13 Rundskriv H-2/14. Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven*. Lest 1. mai 2017. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-h-214--supplering-av-rundskriv/id751306/>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. 2014. *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*. Fastsatt ved kgl. res. av 26.09 2014, jf. plan- og bygningsloven av 27. juni 2008, § 6-2., in: Kommunal- og moderniseringsdepartementet (red.), Regjeringen.no. Kommunedatabasen. Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste.
- Kristeleg Folkeparti. 2013. «Kristeleg Folkeparti. Politisk program 2013 – 2017». Lest 3. mars 2017. <http://www.nsd.uib.no/polsys/data/filer/parti/10376.pdf>
- Krogstad, Tore og Petter D. Jenssen. 2015. «Tap av dyrkbar jord er en like stor trussel som klimaendringer». *Aftenposten*, 30.11.2015. Lest 2. oktober 2016. <http://www.aftenposten.no/viten/Tap-av-dyrkbar-jord-er-en-like-stor-trussel-som-klimaendringer-19327b.html>
- Landbruks- og matdepartementet. 2011. *Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords*. Meld. St. 9 (2011-2012).
- Landbruks- og matdepartementet. 2013. *Rundskriv M-1/13. Omdisponering og deling – Lov om jord (jordlova) 12. mai 1995 nr 23 §§ 9 og 12*. Lest 2. mai 2017. <https://www.regjeringen.no/contentassets/3467107503334e26b980468ded9a96af/rundskriv-m-1-2013-omdisponering-og-deling--revidert-03-09-15.pdf>
- Landbruks- og matdepartementet. 2016. *Endring og utvikling, en framtidsrettet jordbruksproduksjon*. Meld. St. 11 (2016-2017).
- Lemos, Maria Carmen og Arun Agrawal. 2006. «Environmental governance.» i *Annual review of environment and resources*, 31.
- Leknes, Stefan. 2016. «Regionale befolkningsframskrivinger 2016-2040: Flytteforutsetninger og resultater». *Økonomiske analyser 3/2016*. Statistisk Sentralbyrå. https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/_attachment/270395?_ts=1556d68ed68
- Mathiesen, Henrik Forsberg. 2014. «Arealstatistikk: Fulldyrka jord og dyrkbar jord». *Norsk Institutt for Skog og Landskap 02/2014*. Lest 25. mai 2016. http://www.skogoglandskap.no/filearchive/ressursoversikt_02-2014.pdf
- Midtbø, Tor. 2012. *Stata. En entusiastisk innføring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Naustdal, Jon. 1992. «Miljøproblema som styringsmessige nivåproblem». NIBR. Notat 1992: 112.
- Nordahl, Berit. 2012. «Planlegging og marked – arealplanlegging som arena for dialog og forhandling». I *Utfordringer for norsk planlegging*, redigert av Nils Aarsæther, Eva Falleth, Torill Nyseth og Ronny Kristiansen, 167-186. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget.
- Næringskomiteen. 2015. *Innst. 56 S (2015 – 2016). Innstilling frå Næringskomiteen om nasjonal jordvernstrategi*. Lest 15.03.2017 <https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/innstillinger/stortinget/2015-2016/inns-201516-056.pdf>
- OECD. 2017. *Land-use Planning Systems in the OECD: Country Fact Sheets*, OECD Publishing, Paris. <http://dx.doi.org/10.1787/9789264268579-en>

- Olesen, Kristian. 2014. «The neoliberalisation of strategic spatial planning.» *Planning Theory* 13.3: 288-303.
- Plan- og bygningslova. *Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008 nr. 71*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>
- Porter, John R., Liyong Xie, Andrew J. Challinor, Kevern Cochrane, S. Mark Howden, Muhammad Mohsin Iqbal, David B. Lobell og Maria Isabel Travasso . 2014. «Food security and food production systems». I *Climate Change 2014: Impacts, Adaptation, and Vulnerability. Part A: Global and Sectoral Aspects. Contribution of Working Group II to the Fifth Assessment Report of the Intergovernmental Panel on Climate Change* redigert av Field, C.B., V.R. Barros, D.J. Dokken, K.J. Mach, M.D. Mastrandrea, T.E. Bilir, M. Chatterjee, K.L. Ebi, Y.O. Estrada, R.C. Genova, B. Girma, E.S. Kissel, A.N. Levy, S. MacCracken, P.R. Mastrandrea og L.L. White, 485-533. Cambridge: Cambridge University Press. Lest 17. april 2016. http://www.ipcc.ch/pdf/assessment-report/ar5/wg2/WGIIAR5-Chap7_FINAL.pdf
- Reitan, Marit, Jo Saglie og Eivind Smith (red.). 2012. *Det norske flernivådemokratiet*. Oslo: Abstrakt Forlag.
- Reitan, Marit og Frank Egil Holm. 2012. «Staten, kommunene og Trillemarka: lokal mobilisering forankret i nasjonale politiske konfliktlinjer». I *Det norske flernivådemokratiet*, redigert av Marit Reitan, Jo Saglie og Eivind Smith, 167-196. Oslo: Abstrakt Forlag.
- Regjeringa. 2015. «Nasjonal jordvernstrategi» i *Prop. 127 S (2014-2015). Jordbruksoppgjøret 2015 – endringer i statsbudsjettet 2015 m.m.* Lest 10. april 2016. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-127-s-20142015/id2413930/?ch=14>
- Ringkjøb, Hans-Erik .2004., *Partia i lokalpolitikken*. Dr.gradsavhandling. Rapport 89. Bergen: Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap, Universitetet i Bergen.
- Ringkjøb, Hans-Erik .2006. *Partia som forskingsobjekt Om lokalpartia sin plass i partiforskninga*. Tidsskrift for samfunnsforskning, 3:413-425.
- Rokkan, Stein. 1987. *Stat, nasjon, klasse. Essays i politisk sosiologi*. Omsett av Lars Allén, Ole Berg, Erling Gjerken, Bernt Hagtvet, Sigrun Lørdal og Jan Petter Myklebust. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sager, Tore .2011. Neo-liberal Urban Planning Policies: A Literature Survey 1990-2010. Volume 76, Issue 4, Pages 147-200 (November 2011).
- Saglie, Jo .2002a. «Partienes rolle i lokalpolitikken». I Bernt Aardal, red., *Valgdeltakelse og lokaldemokrati*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Senterpartiet. 2013. «Prinsipp- og handlingsprogram 2013-2017. –Vi tek heile Noreg i bruk». Lest 3. februar 2017. <http://gammel.senterpartiet.no/getfile.php/BildeGalleri/Fellesfiler/Prinsipp-%20og%20handlingsprogram%202013-2017%2017x24%20nn.pdf>
- Skare, Audun. 1996. «Jo Mer Lokalpolitikk, Dess Mindre Partipolitikk : Om Partienes Rolle I Lokalpolitikken.» *Norsk Statsvitenskapelig Tidsskrift*. Vol. 12, Nr 3/4: 239-68.
- Skarsbø, Anniken. 2015. *Realisering av nasjonale forventninger til jordvern på regionalt og kommunalt nivå*. Masteroppgave ved NMBU, Ås.
- Skog, Kristine Lien og Steinnes, Margrete. 2016. «How do centrality, population growth and urban sprawl impact farmland conversion in Norway?» *Land Use Policy* 59, 185-196.
- Skog, Kristine Lien, Bjørkhaug, Hilde. 2018. «Farmland under pressure: Drivers for conversion motivations among landowners in Norway.». Manuskript innsendt for publisering.
- Skog, Kristine Lien, Anne C. Brattestå, Marthe Maren Thomassen. 2016. «Agricultural landscapes

- in urbanization processes: empty spaces or resources for urban place making?» *KART OG PLAN* Vol. 76, nr 4, pp. 252-262.
- SPR-BATP. 2014. Statlige planretningslinjer for samordnet bolig- areal- og transportplanlegging (KMD).
- Sosialistisk Venstreparti. 2013. «Del goda! Arbeidsprogram for Sosialistisk Venstreparti 2013-2017». <http://www.nsd.uib.no/polsys/data/filer/parti/10371.pdf>
- Statistisk Sentralbyrå. «Standard for sentralitet». Lest 5. oktober 2016. <http://www.ssb.no/klasse/klassifikasjoner/128>
- Statistisk Sentralbyrå. 2012. «SSBs befolkningsframskrivning for kommunene 2012-2040». Lest 2. oktober 2016. <https://www.ssb.no/a/kortnavn/folkfram/tab-2012-06-20-07.html>
- Statistisk Sentralbyrå. 2016a. «Kommunal forvaltning av landbruksarealer, 2015». Lest 23. september 2016. <https://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/statistikker/kofola/aar/2016-06-16>
- Statistisk Sentralbyrå. 2016b. «Kommunal forvaltning av landbruksarealer». Tabell: 06138: R. Landbruk – grunnlagsdata (K). Lest 29. september 2016. <https://www.ssb.no/statistikkbanken/selectvarval/Define.asp?subjectcode=&ProductId=&MainTable=Kostra3KRLandbru&nl=&PLanguage=0&nyTmpVar=true&CMSSubjectArea=jord-skog-jakt-og-fiskeri&KortNavnWeb=kofola&StatVariant=&checked=true>
- Statistisk Sentralbyrå. 2017. «Kommunal forvaltning av landbruksarealer». Lest 3. april 2018. <https://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/statistikker/kofola>
- Strand, Arvid og Petter Næss. 2017. «Local self-determination, process-focus and subordination of environmental concerns.» *Journal of Environmental Policy & Planning*, 1-12.
- Sørensen, Rune J. 1989. «Det kommunale demokrati: En fortsettelse av rikspolitikken med andre midler?». *Norsk Statsvitenskaplig Tidsskrift*, 3:267–292.
- Valen, Henry. 1988. «Norway: decentralization and group representation». I: Michael Gallagher & Michael Marsh, red., *Candidate selection in comparative perspective. The secret garden of politics*. SAGE Modern Politics Series Volume 18. London: SAGE Publications.
- Venstre. 2013. «Frihet. Fremtid. Fellesskap. Venstres Stortingsvalgprogram 2013 – 2017». Lest 3. februar 2017. <http://www.nsd.uib.no/polsys/data/filer/parti/10373.pdf>
- Vold, Mari Holteberg og Marit Reitan. 2012. «Strid i strandsonen – en analyse av konfliktlinjene mellom nasjonalt og kommunalt nivå i naturvernpolitikken». I *Det norske flernivådemokratiet*, redigert av Marit Reitan, Jo Saglie og Eivind Smith, 197-224. Oslo: Abstrakt Forlag.
- Winge, Nikolai K. 2017. «Plan- og bygningsloven – en felles arena for sektorer og interesser?» *Kart & plan*, 2017/1, 7-20.
- Zasada, Ingo. 2011. «Multifunctional peri-urban agriculture—A review of societal demands and the provision of goods and services by farming». *Land use policy*, 28:4, 639-648.
- Aarsæther, Nils, Eva Falleth, Torill Nyseth og Ronny Kristiansen (red.). 2012. *Utfordringer for norsk planlegging*. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget.
- Aarsæther, Nils. 2012. «Ny giv for kommunal planlegging?» I *Utfordringer for norsk planlegging*, redigert av Nils Aarsæther, Eva Falleth, Torill Nyseth og Ronny Kristiansen, 63-84. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget.
- Aarsæther, Nils og Arild Buanes. 2012. «Staten – frå planaktør til planforvaltar». I *Utfordringer for norsk planlegging*, redigert av Nils Aarsæther, Eva Falleth, Torill Nyseth og Ronny Kristiansen, 121-144. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget.